

Fra: Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>

Sendt: 02.02.2023 08:59:21

Til: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no>

Kopi: Siren B. Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>, Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <jo.tommerbakke@modalen.kommune.no>, Ann-Jorunn Farestveit <ann-jorunn-f@hotmail.com>

Emne: SV: Nærskuleprinsippet og elevar frå Modalen kommune

Hei.

Takk for svar.

Det er bra at det skal gjennomførast ei evaluering av nærskulemodellen og inntaksforskrifta. Det vil nok koma uttale frå Modalen kommune og FAU på høyringa. Du skriv at arbeidet skal gjennomførast i løpet av kort tid, men har du noko formening om kva tid det vert ei høyring?

Eg orientert formannskapet om saka tysdag 31.jan og der dukka det opp nokre spørsmål.

1. Fins det ei opning for at elevar frå Modalen kommune kan få ein slags «dispensasjon» for neste skuleår, med søknadsfrist 1.mars 2023?
2. Kva skjer til skuleåret 2024-2025, med søknadsfrist 1.mars 24, om evaluering og høyring ikkje finn stad? Kan ein då finne ei løysing for Modalselevar?
3. Har andre kommunar liknande utfordringar og kva løysing har ein evt kome fram til der?

Om ikkje evaluering vert gjennomført ber formannskapet om at ei vurdering ift våre elevar, startar opp i god tid før søknadsfristen 1.mars 2024

Modalen kommune ynskjer å følge opp denne saka framover. Håpar med det at ein unngår at nokre foreldre flyttar med borna sine til andre kommunar, for at elevane skal stå friare i søknad til vidaregåande opplæring. Det er eit faktisk resultat som ein allereie no ser kan skje.

Mvh

Kjetil Eikefet
Ordfører



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 02 | Mob: 47 63 57 09

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fra: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no>

Sendt: tirsdag 24. januar 2023 16:13

Til: Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>

Kopi: Siren B. Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>; Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>; Ann-Jorunn Farestveit <ann-jorunn-f@hotmail.com>

Emne: SV: Nærskuleprinsippet og elevar frå Modalen kommune

Heisann!

Takk for mail. Vi har motteke både vedtaket frå dykk og brevet frå FAU.

Vi har vurdert om det er mogleg å få gjort noko med dette før søknadsfristen og var innstilt på å eventuelt løfte fram ei sak. Det som er utfordringa vår er at alle endringar i inntaksmatrisa krev at det vert sendt på høyring. Ei slik høyring er dessverre ikkje mogleg å få til no før søknadsfristen går ut.

Vi skal i løpet av kort tid gjennomføre ei større evaluering av både nærskulemodellen og inntaksforskrifta, i denne høyringa vil vi gå breidt ut og også invitere alle kommunane til å komme med innspel. Slik at alle nye innspel/forslag om endringar vil kunne komme gjennom denne saka.

Vi stiller sjølvstilt på teamsmøte og er tilgjengeleg om det er ønsket om det.

Beste helsing

Karianne Torvanger (AP)

Utvalseiar

Hovudutval for opplæring og kompetanse



Mobil: 99 60 64 84

www.vlfk.no

Fra: Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>

Sendt: mandag 23. januar 2023 11:25

Til: Karianne Alette Torvanger <Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no>

Kopi: Siren B. Øvre-Helland <Siren.OvreHelland@modalen.kommune.no>; Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke <Jo.Tommerbakke@modalen.kommune.no>; Ann-Jorunn Farestveit <ann-jorunn-f@hotmail.com>

Emne: Nærskuleprinsippet og elevar frå Modalen kommune

Hei.

Viser til e-post sendt fredag 16.12.2022, angående verknader for elevar frå Modalen kommune som søker vidaregåande utdanning.

Modalen kommunestyre har motteke eit brev sendt av FAU ved Mo skule og dette brevet vart handsama i kommunestyremøte torsdag 15.12.

Legg ved brev og vedtak.

Eg ynskjer at dette vert sett på før søknadsfristen for vidaregåande skular går ut, då dette er ei særskild viktig sak for ei lita elevgruppe frå Modalen kommune.

Det kan være greit med eit kort Teams-møte slik at ein kan utdjupe saka litt meir for deg.

Høyrer frå deg.

Ha ein fin dag.

Mvh

Kjetil Eikefet
Ordfører



Modalen kommune | PB 44, 5729 MODALEN | Tel: 56 59 90 00 | Dir: 56 59 90 02 | Mob: 47 63 57 09

Dette er ikkje ei privat e-postadresse.

All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.